

KOMMUNEVISAS

Når da vert valg då alle me må -
fram til urna å stemma på .
Dei som skal verta styresmakta vår ,
i samfulle fira år .

Refr.:

For heradsstyret da må verta godt .
So me no kan få det riktigt flott .
Men alle vil inn og ingen vil ut .
Da er vår store sut .

No skal De høyra kva me skal ha .
Du stora mi tid - da er kje lite da .
Allting må verta grepa , fint og stort ,
her nytta da ikkje med skrot .

Refr.:

Vegar på langs og på tverrs og i kryss ,
da må me ha til vår skuleskyss .
Sør-og Osterfjorden med bruer i fleng -
me byggjer i same sleng .

Refr.:

Til nipå i Bruvik ei bana av tau ,
til frakting av folk og til ein og annan sau .
Med Stora-vatne byggjer me kjempehotell ,
da må kje vanta lell .

Refr.:

Store hus og salar til dans og til fest,
og lensmann må få seg ein gasta arrest .
Symjebassengar i nord og i sør ,
slikt har kje vore før .

Refr.:

Kommunehus te lagra skattapengar i .
Prisen må verta ~~millio~~ millionar ti .
Hus med tårn og spir som aller før du såg ,
skal reisast i Lonevåg .

Refr.:

Skulehus so gilde som finaste slott ,
sjå da må me ha og alt vert såre godt .
Vårt motto må verta : "Lærdom er makt" .
Til da treng me pomt og prakt .

Refr.:

Skal eg so fortelja om draumen min i natt ,
jau - no vert det slutt på all kommuneskatt .
Då vert da stas for mann og for møy ,
her innpå Osterøy .

Refr.: